

Notat

Går til:

Føretak: Helse Vest RHF

Dato: 24.04.2008

Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen

Sakshandsamar: Gjertrud Jacobsen

Saka gjeld: **Nevrokirurgi i Helse Vest - statusrapport 23.04.08**

Styresak 036/08 O

Styremøte 07.05. 2008

Administrerande direktør si orientering pkt. 2

I føretaksmøte 7. mars 2008 for Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF blei det vedteke korleis nevrokirurgisk verksemder skal organiserast i Helse Vest. I følgje pkt. 15 i protokollen frå dette møtet skal Helse Bergen rapportere skriftleg til Helse Vest RHF kvar 14. dag vedrørande følgjande:

- Vaktdekning i Stavanger
- Risikovurdering med tiltak som er gjort knytt til vaktdekning i Helse Stavanger
- Gjennomføring av konsulasjonsverksemde i Stavanger
- Gjennomføring av fast faglege møtetidspunkt mellom Helse Bergen og Helse Stavanger
- Gjennomføring av rotasjonsordningar

Det blei og vedteke at styra i Helse Stavanger og Helse Bergen skal orienterast om status for dette arbeidet i kvart styremøte.

Helse Bergen HF har til nå rapportert skriftleg og gjennom telefonmøte to gonger til Helse Vest RHF, 9. og 23. april.

Både styret i Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF er orientert om status i saka.

Status pr. 23. april 2008:

- Vaktdekning i Stavanger
 - Rapportane frå Helse Bergen syner at det er namngjeven vaktdekning fram til og med juli 2008. Dette inneber at ein og har sikra vaktdekning for store delar av ferien 2008.
- Risikovurdering med tiltak som er gjort knytt til vaktdekning i Helse Stavanger
 - Helse Bergen rapporterer at vaktdekninga er god, men at det ikkje er reservekapasitet. Det blir derfor arbeidd på fleire hald for å redusera risikoen for eventuell svikt i vaktdekkinga. Bemannninga i Bergen er styrkt med ein overlege og ein har kontakt med ein til om tilsetting.
- Gjennomføring av konsulasjonsverksemde i Stavanger
 - Dette arbeidet er ikkje satt i gang ennå, men Helse Bergen har satt i gang førebuande arbeid.
- Gjennomføring av fast faglege møtetidspunkt mellom Helse Bergen og Helse Stavanger

- Helse Bergen planlegg å sette i gang faste kliniske konferansar frå og med mai 2008. Etter planen er teleradiologi implementert i Helse Bergen og Helse Stavanger frå dette tidspunkt. Dette er ein viktig føresetnad for kliniske konferansar. Vidare er det planlagd eit fagleg seminar i Haugesund i juni 2008 der begge avdelingane skal delta.
- Gjennomføring av rotasjonsordningar
 - Helse Bergen er i gang med å organisere dette i samarbeid med Helse Stavanger og reknar med å få på plass ei ordning med hospitering for postsjukepleiarar frå i haust.

Helse Bergen HF har til no følgt opp dei rapporteringsrutinane som er vedtekne og desse syner at det er sikra god vaktdekning i Stavanger til ut juli månad. Vidare er ein godt i gang med å sikre ei nærmare fagleg integrering av dei to avdelingane.

Ein vil halde fram med rapportering kvar 14. dag og styret i Helse Vest RHF vil bli orientert om status i neste styremøte.